06-September-2016

Statens vegvesen

Solfrid Molland
Yndesdalsveien 474
5986 HOSTELAND

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region vest | Sigmund Bødal - 55516146 | 2015/036822-002 | | 10.06.2015 |

## Søknad om ny avkøyrsle gnr. 10 bnr. 30 Hosteland - Masfjorden kommune. Førehandstilsagn.

Vi viser til søknad motteken 23.05.15 om endra plassering av avkøyrsel til gbnr 10/30 i Masfjorden kommune.

Vi vurderer at utførte tiltak med endra plassering av avkøyrsla gjev totalt ei betre trafikal løysing med ut og innkøyring.

**Vedtak**
Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve for endra og flytta avkøyrsle under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Fv 374 hp 02 km 187 gnr 10 bnr 30 Hosteland i Masfjorden kommune

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg*, som ligg på lovdata.no.


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsle. Det betyr i denne saka at dei som nyttar skogsbilvegen også skal nytte nytt avkøyrselspunkt.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 100 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen, målt 10 meter frå avkøyrslepunktet, skal vere minimum 110 meter. Eventuelle planter o.l. i siktsonene kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. Denne avkøyrsla har tilfredstillande sikt
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Dagens avkøyrsle har ein svingradius på 2,7 meter. Vi ser at det er noko utfordrande terreng på staden, men ber om at ein ser på moglegheiter for å få til ein radius på 4 meter.
6. Avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane ( sjå vedlagt skisse). Fall i avkøyrsla er tilfredstillande.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene. Dette er tilfredstillande utført
8. Eksisterande avkøyrsle v/km 00146 skal stengast fysisk. Avkøyrsla kan stengast fysisk med til dømes sementblokker eller at avkøyrselspunktet vert greve av slik at det ikkje er farbart med bil.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Masfjorden kommmune

# PRINSIPPSKISSE




Tilsvarande siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i krysset (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkøyrsel :




## Krav til lengdeprofil for avkøyrsel/tilkomstveg:




**Fv 374 Hp 02 Km 00187 Stad : Hosteland Saksnr : 2015036822**